

Utval: **Ungdommens fylkesutval**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 23.09.2016
Tidspunkt: 16:00-19:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Vegard Kleppe	Leiar	
Oda Mo Eikefet	Nestleiar	
Martin V. Jonsterhaug	Medlem	
Silje Nordal	Medlem	
Jonatan Tjore Espeland	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Maud Mari Thorbjørnsen	Medlem	
Sunniva Grov Framnes	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nora Brydøy Savland	Sunniva Grov Framnes	
Fredrik Gabrielli	Maud Mari Thorbjørnsen	

Merknader

Kontrollkomiteen var representert ved Agnes Bernes, Miriam Seim og Gard Johanson.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, fylkessekretariatet

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 57/16	Godkjenning av innkalling		
PS 58/16	Godkjenning av saksliste		
PS 59/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 60/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 25/16	Oversikt økonomi - per 13.09.2016	2014/560	
RS 26/16	Oversikt ungdomsråd - per 13.09.2016	2014/560	
RS 27/16	Framgang Ungdommens planprogram - per 13.09.2016	2014/560	
RS 28/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. september	2015/10845	
PS 61/16	Førebu Ungdommens fylkesting 2017	2014/560	
PS 62/16	Flytte helgemøte i desember	2014/560	
PS 63/16	Ymse		

PS 57/16 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Innkallinga vart godkjent utan merknadar.

PS 58/16 Godkjenning av saksliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknadar.

PS 59/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknadar.

PS 60/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Ungdommens fylkesutval tek referatsakene til orientering med slik merknad:

Administrasjonen sendar ut RS 27/16 Framgang Ungdommens planprogram – per 13.09.2016 til utvalet sine medlemar i excel-format.

RS 25/16 Oversikt økonomi - per 13.09.2016

RS 26/16 Oversikt ungdomsråd - per 13.09.2016

RS 27/16 Framgang Ungdommens planprogram - per 13.09.2016

RS 28/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 - pr. september

PS 61/16 Førebu Ungdommens fylkesting 2017

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek følgjande:

1. Følgjande har ansvar for tingdokumenta og slik tidsfrist er sett
2. Følgjande har ansvar for møteleiarar og slik frist er sett
3. Følgjande har ansvar for val til ulike verv og slik frist er sett
4. Følgjande har ansvar for program og slik frist er sett

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek følgjande:

1. Følgjande har ansvar for tingdokumenta Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik tidsfrist er sett 15. januar 2017.
2. Følgjande har ansvar for møteleiarar Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 12. desember 2016.
3. Følgjande har ansvar for val til ulike verv Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 12. desember 2016.
4. Følgjande har ansvar for program Vegard Kleppe og Oda Mo Eikefet og slik frist er sett 15. januar 2017.

PS 62/16 Flytte helgemøte i desember

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval vel å ha helgemøte den på

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vel å ha helgemøte den 9.-11. desember på Gjerskvål, Voss .

PS 63/16 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.09.2016

Representantforslag om et nasjonalt kompetansesenter for ungdomsarbeid, ungdomsmedvirkning og ungdomsinformasjon: Representantar frå ANMU skal møtast i Oslo 26. september for å skriva ei uttale til representantforslaget. Vegard deltek frå UFU Hordaland, og vil og skrive ei uttale på vegner av UFU Hordaland. Denne vert sendt ut til UFU sine medlemar på høyring før den vert sendt inn til Stortinget.

Dialogmøte med barne- og likestillingsminister Solveig Horne 23. november 2016: Som tidlegare år har UFU fått invitasjon til å møte barne- og likestillingsministeren i Oslo. Saka vert fremja på neste utvalsmøte der det vert vedteke kven som deltek på vegner av UFU.

Nettverkssamlinga:

- Innleiarar:
 - o Anne Gine Hestetun og Pål Kårbo har takka nei til å opne nettverkssamlinga då dei begge to er oppteken den helga. Nytt forslag er fylkesrådmannen Rune Haugsdal.
 - o Henrik Asheim har takka nei til å halde innlegg om ungdomsmedverknad. Nye forslag er Sara Berge Økland og Njaal Neckelman.
- Ekstra deltararar: Ei kommune har bedt om å få stille med fleire deltararar enn dei to som er invitert. UFU vil tillate at kommunane får sende 3 deltararar, og ber administrasjonen om å sende ein e-post til alle kommunane om aukinga.
- Elevrådshandboka: Vert oppdatert og distribuert på nettverkssamlinga. Eigen organisasjon har fått ansvar for oppdatering og vidare planar om distribusjon.

Deltaking på UFT i andre fylker og konferansar: Dersom nokon frå UFU skal reise på arrangement er det nokre punkt som må følgjast:

- Stadfesting frå foreldra om vedkommande ikkje er over 18 år om at ein får reise utan at nokon tilsett frå HFK er med. Denne stadfestinga må kome inn før ein får melde seg på eller bestille billett.
- Ein melder seg sjølve på konferansen/UFT/osv. Det er fordi det kan vere ulike spørsmål og slikt ein må svare på og då er det betre at påmelding vert gjort av den som skal delta. Informasjon angåande faktura og slikt kan ein stille til administrasjonen.
- For å ordne reise, i hovudsak fly og tog, kan ein sende ein e-post til administrasjonen om kva tid ein ønskjer å reise, samt all anna informasjon ein kan trenge for å bestille billett, slik at prosessen vert så effektiv som mogleg.

Presentasjon fylkestinget 5. oktober kl 09:00: UFU har fått 15 minuttar på å presentere seg for fylkestinget. UFU ønskjer å vere tydelege med konkrete innspel. Leiar og nestleiar vil presentere leiarane for dei ulike områda, samt ta opp at UFU saknar medverknad i saker som kjem til politisk handsaming, før dei vert fremja for politikarane. Dei fire leiarane skal sjå på sine ansvarsområdar og sjå etter ein eller to sakar som er viktig for UFU, og som gjerne er i vinden no. UFU ber om at UPP vert distribuert til fylkestinget og administrasjonen vil dette opp med fylkesordførarar.

Budsjettmøte 21. oktober: UFU skal få ein gjennomgang av budsjettet samt ein moglegheit til å skrive ei uttale til budsjettet. UFU ønskjer 2-3 eksemplar av budsjettet i papir. Resten av dagen ønskjer UFU:

- Ein orientering hos Skyss
- Ein orientering om regionaliseringa og eventuelle konsekvensar for UFT
- Eit møte med fylkesvaraordførarar
- Eigen organisasjon ønskjer møte med kommunikasjonsseksjonen angåande heimesida til UFU.

Stadfesting på fråvær: Det har vore eit auka ønske om dokumentasjon på fråvær i regi av UFU. No vil ein gjere slik:

- Vegard og Oda skriv dokumentasjon på fråvær løypande gjennom året.
- Administrasjonen vil ordne med dokumentasjon på slutet av året.
- Det er viktig at ein får god tid på seg til ordne med slik dokumentasjon, det vil seie at ein får beskjed i god tid før ein treng dokumentasjonen.

Korrespondanse på vegner av UFU: Administrasjonen ber om å stå på kopi ved korrespondanse på vegner av UFU. Det er fordi ein då har større moglegheit til å følgje opp det som skjer, og kan kome med innspel om ein har ytterligare informasjon.

Internasjonalt samarbeid: Regionalavdelinga har sendt informasjon om to moglegheiter til å delta på internasjonale kurs/samlingar. UFU er veldig interessert, men ser at det kan vere utfordrande å vere vekke frå skulen over så lang tid som desse samlingane var lagt opp til.

Plankonferansen 25.-26. oktober: Det var interesse rundt temaet, men ingen som meldte seg til å delta.

Medverknad i saker før dei kjem til politisk handsaming: UFU merker at det er fleire saker som handlar om ungdom der UFU ikkje får kome med ei uttale eller ta del i prosessen før saka kjem til politisk handsaming. Gjeld til dømes skulebruksplanen og nytt inntakssystem. UFU meiner dette er utfordrande og ønskjer å sjå på måtar ein kan få introdusert meir medverknad frå UFU i prosessen:

- Førespurnad til fylkesrådmannen
- Møte med fylkesrådmannen
- Brosjyre/flyer til sakshandsamarar i fylkesadministrasjonen, med meldinga: «Ikkje gløym oss!»
- Nemne på fylkestinget under presentasjonen
- Skrive ein e-post til opplæringsavdelinga i samband med saka om nytt inntakssystem som skal kome opp til politisk handsaming i november